



Innkalling  
av  
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 13.03.2023  
**Møtestad:** Alver rådhus, kantina  
**Møtetid:** 12:00 - 16:00

Eventuelle forfall må meldast til [nora.gjerde@alver.kommune.no](mailto:nora.gjerde@alver.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Det vert felles orienteringsmøte for RMNF/Eldrerådet i kantina på rådhuset kl. 12.00. Deretter held RMNF fram møtet med handsaming av vedtakssaker.

### Sakliste

Saknr	Tittel
011/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
012/23	Godkjenning av møteprotokoll
013/23	Bustadplan - val av representantar til referansegruppe
014/23	Plan for legetenesta 2023-2026
015/23	Meldingar og orienteringar til RMNF - 13.03.2023

6. mars 2023

Magne Bjørndal  
møteleiar

Nora M. K. Gjerde  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 06.03.2023

Saksframlegg

<b>Saksnr.</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
011/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13.03.2023

### **Godkjenning av innkalling og sakliste**

nnkalling og sakliste vert godkjent.

**Arkiv:** <arkivID><jpID> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 06.03.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
012/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13.03.2023

## Godkjenning av møteprotokoll 06.02.2023

Møteprotokollen vert godkjent.

### Vedlegg:

06.03.2023

Protokoll - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 06.02.2023

1892571



# Møteprotokoll for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 06.02.2023  
**Møtestad:** Alver rådhus, kantina  
**Møtetid:** 12:00 - 15:30

Det var felles orienteringsmøte for RMNF/Eldrerådet i kantina på rådhuset kl. 12.00.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sølvi Gripsgård Knudsen	SP	Medlem
Jan Arild Lindaas	SAFO	Medlem
Reidar Knutsen	SAFO	Medlem
Svein Arne Vabø	SAFO	Medlem
Liv Erstad	FFO	Medlem
Magne Bjørndal	FFO	Utvalsleiar

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Bente Orlen Westervik	FFO	Medlem
Jannicke Helland	FFO	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Erling Jacobsen	FFO	Jannicke Helland
Edith Jørgenvik	FFO	Bente Orlen Westervik

## Følgjande frå administrasjonen møtte:

Eirik B. Utne-tenesteleiar Kultur, Helge Kvam-fagansvarleg Helse og omsorg, Ingrid Raniseth-rådgjevar Planforvaltning (teams), Kjersti Risa Marøy-tenesteleiar Helsestasjon og jordmor, Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Rolf Raknes-fagleiar Areal og samfunn, Ronny Landaas-rådgjevar Prosjekt, Nora Gjerde-politisk sekretariat.

## Sakliste

Saknr	Tittel
001/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/23	Godkjenning av møteprotokoll

- 003/23 Forslag til detaljregulering for Åtun, gbnr. 108/161- Offentleg ettersyn
- 004/23 Handlingsplan mot vald i nære relasjonar
- 005/23 Kulturmiljøplan for Alver kommune 2024-2028 - Vedtak av planprogram
- 006/23 Endeleg vedtak Kommunedelplan Oppvekst 2023-2034
- 007/23 Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2023-2034
- 008/23 Mandat: Kommunal bustadplan – trygge og gode bustader i Alver kommune 2024-2035
- 009/23 Årsmelding Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Alver 2022
- 010/23 Meldingar og orienteringar til RMNF - 06.02.2023

### **001/23: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 06.02.2023:**

#### **Behandling:**

Ingen merknader, samrøystes.

#### **RMNF- 001/23 Vedtak:**

Innkalling og sakliste er godkjent.

### **002/23: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 06.02.2023:**

#### **Behandling:**

Møteprotokoll frå møte - 28.11.2022 vert godkjent, samrøystes.

**RMNF- 002/23 Vedtak:**

Møteprotokoll frå møte - 28.11.2022 er godkjent.

**003/23: Forslag til detaljregulering for Åtun, gbnr. 108/161- Offentleg ettersyn****Eldreråd 06.02.2023:****Behandling:**

Ingrid Raniseth-rådgjevar Planforvaltning orienterte og svara på spørsmål på Teams.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale i møtet:

*Eldrerådet sluttar seg til planen med følgjande innspel:*

*Eldrerådet ber innstendig om at alle husvære vert tilrettelagt med universell tilkomst og utforming.*

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale sett fram i møtet.

**ER- 005/23 Vedtak:**

Eldrerådet sluttar seg til planen med følgjande innspel:

Eldrerådet ber innstendig om at alle husvære vert tilrettelagt med universell tilkomst og utforming.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 06.02.2023:****Behandling:**

Ingrid Raniseth-rådgjevar Planforvaltning orienterte og svara på spørsmål på Teams.

**Fellesframlegg v/Magne Bjørdal:**

Rådet er positive til dette tiltaket, og til at initiativtakarane ønskjer å verta buande i Lindås-området. Vi understrekar likevel at i eit prosjekt som dette må

alle bueiningane og uteområdet vera universelt utforma. Prosjektet må utformast med tanke på at menneske med eit vidt spekter i helsetilstandar skal kunna bu der. Dette omfattar ulike sansetap og rørslehemmingar. Eit eksempel på denne tankegangen er at det må setjast av parkeringsplassar som ikkje er så smale at ein må ha full førleik for å koma inn i, og ut av bilen. Vi støttar vidare opp om utvalet for areal, plan og miljø si påpeiking av at det må gjerast ei vurdering av solforhold, og kvalitet på felles og privat uteopphaldsareal.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **RMNF- 003/23 Vedtak:**

Rådet er positive til dette tiltaket, og til at initiativtakarane ønskjer å verta buande i Lindås-området. Vi understrekar likevel at i eit prosjekt som dette må alle bueiningane og uteområdet vera universelt utforma. Prosjektet må utformast med tanke på at menneske med eit vidt spekter i helsetilstandar skal kunna bu der. Dette omfattar ulike sansetap og rørslehemmingar. Eit eksempel på denne tankegangen er at det må setjast av parkeringsplassar som ikkje er så smale at ein må ha full førleik for å koma inn i, og ut av bilen. Vi støttar vidare opp om utvalet for areal, plan og miljø si påpeiking av at det må gjerast ei vurdering av solforhold, og kvalitet på felles og privat uteopphaldsareal.

#### **004/23: Handlingsplan mot vald i nære relasjonar**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar blir vedteke

#### **Eldreråd 06.02.2023:**

#### **Behandling:**

Kjersti Risa Marøy-tenesteleiar Helsestasjon- og jordmortenesta orienterte og svara på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale i møtet:  
*Eldrerådet ser positivt på innføring av handlingsplan mot vald i nære relasjonar, og rådet vil framover følgja opp at planen fungerer som tiltenkt.*

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale sett fram i møtet.

**ER- 003/23 Vedtak:**

Eldrerådet kjem med følgjande uttale:  
Eldrerådet ser positivt på innføring av handlingsplan mot vald i nære relasjonar, og rådet vil framover følgja opp at planen fungerer som tiltenkt.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 06.02.2023:**

**Behandling:**

Kjersti Risa Marøy-tenesteleiar Helsestasjon- og jordmortenesta orienterte i saka.

Rådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, samrøystes.

**RMNF- 004/23 Vedtak:**

Rådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

**Ungdomsråd 06.02.2023:**

**Behandling:**

Orientering i saka v/Kjersti Marøy

**UR- 007/23 Vedtak:**

Alver ungdomsråd støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.  
Samrøystes



## **Utval for helse og omsorg 07.02.2023:**

### **Behandling:**

Kjersti Risa Marøy-tenesteleiar Helsestasjon og jordmorteneste orienterte og svara på spørsmål.

Kirsti Gjetle Floen-AP sette fram følgjande tilleggsframlegg til uttale:

*Utval for helse og omsorg sluttar seg til planen og ber om jamnleg oppfølging av planen.*

Utvalet vedtok samrøystes Gjetle Floen sitt framlegg til uttale.

### **HO- 012/23 Vedtak:**

Utval for helse og omsorg har følgjande uttale:

Utval for helse og omsorg sluttar seg til handlingsplan mot vald i nære relasjonar og ber om jamnleg oppfølging av planen.

## **005/23: Kulturmiljøplan for Alver kommune 2024-2028 - Vedtak av planprogram**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtar Planprogram for kulturmiljøplan for Alver kommune 2024-2028 slik det ligg føre.

## **Eldreråd 06.02.2023:**

### **Behandling:**

Eirik B. Utne-tenesteleiar kultur orienterte og svara på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale i møtet:

*Eldrerådet sluttar seg til planen slik den er lagt fram.*

Eldrerådet vedtok samrøystes felles framlegg til uttale sett fram i møtet.

### **ER- 007/23 Vedtak:**

Eldrerådet sluttar seg til planen slik den er lagt fram.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 06.02.2023:**

#### **Behandling:**

Eirik B.Utne-tenesteleiar Kultur orienterte i saka.

Rådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, samrøystes.

#### **RMNF- 005/23 Vedtak:**

Rådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

### **Ungdomsråd 06.02.2023:**

#### **Behandling:**

#### **UR- 005/23 Vedtak:**

Alver ungdomsråd støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.  
Samrøystes

### **006/23: Endeleg vedtak Kommunedelplan Oppvekst 2023-2034**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret i Alver vedtek «Kommunedelplan for oppvekst 2023-2034» slik den er lagt fram som digital plan og i vedlagt dokumenteksport av denne.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova kapittel 11. (§ 11-15)

### **Eldreråd 06.02.2023:**

#### **Behandling:**

Rolf Raknes-fagleiar Areal og samfunn orienterte og svara på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:  
*Eldrerådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.*

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale sett fram i møtet.

**ER- 004/23 Vedtak:**

Eldrerådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 06.02.2023:**

**Behandling:**

Rolf Raknes-fagleiar areal og samfunn orienterte, og Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst svara på spørsmål i saka.

Rådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, samrøystes.

**RMNF- 006/23 Vedtak:**

Rådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

**Ungdomsråd 06.02.2023:**

**Behandling:**

Orientering i saka v/Rolf Raknes

**UR- 003/23 Vedtak:**

Alver ungdomsråd støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.  
Samrøystes

**007/23: Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2023-2034**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtar kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2023-2034 slik den ligg føre, med heimel i plan og bygningslova §11-15. hen»

### **Eldreråd 06.02.2023:**

#### **Behandling:**

Helge Kvam-fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg orienterte og svara på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale i møtet:  
*Eldrerådet sluttar seg til planframlegget, og ser fram til vidare prosess med temaplanar i tråd med overordna plan.*

Eldrerådet vedtok samrøystes felles framlegg til uttale sett fram i møtet.

#### **ER- 006/23 Vedtak:**

*Eldrerådet kjem med følgjande uttale:*  
*Eldrerådet sluttar seg til planframlegget, og ser fram til vidare prosess med temaplanar i tråd med overordna plan.*

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 06.02.2023:**

#### **Behandling:**

Helge Kvam-fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg orienterte i saka.

Rådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, samrøystes.

#### **RMNF- 007/23 Vedtak:**

Rådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

### **Ungdomsråd 06.02.2023:**

#### **Behandling:**

#### **UR- 004/23 Vedtak:**

Alver ungdomsråd støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.  
Samrøystes

### **Utval for helse og omsorg 07.02.2023:**

#### **Behandling:**

May-Irene Wergeland-SP sette fram følgjande framlegg til innstilling:  
*Kommunestyret vedtar kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2023-2034 slik den ligg føre, med heimel i plan og bygningslova §11-15.  
Planen gjerast tilgjengeleg i "Framsikt" og i pdf-format når den presenterast på heimesider og anna.*

**HO- 015/23 Vedtak:**

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande innstilling i saka:  
Kommunestyret vedtar kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2023-2034 slik den ligg føre, med heimel i plan og bygningslova §11-15.  
Planen gjerast tilgjengeleg i "Framsikt" og i pdf-format når den presenterast på heimesider og anna.

**008/23: Mandat: Kommunal bustadplan – trygge og gode bustader i Alver kommune 2024-2035**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Utval for helse og omsorg godkjenner mandat for «Kommunal bustadplan – trygge og gode bustader i Alver kommune 2024-2035» jamfør vedlegg.

Utval for helse og omsorg vert politisk styringsgruppe i planprosessen.

**Eldreråd 06.02.2023:**

**Behandling:**

Helge Kvam-fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg orienterte og svara på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale i møtet:  
*Eldrerådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.*

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale sett fram i møtet.

**ER- 009/23 Vedtak:**

Eldrerådet sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

## **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 06.02.2023:**

### **Behandling:**

Helge Kvam-fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg orienterte i saka.

Rådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, samrøystes.

### **RMNF- 008/23 Vedtak:**

Rådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

## **Utval for helse og omsorg 07.02.2023:**

### **Behandling:**

Helge Kvam-fagansvarleg Fagutvikling stab helse og omsorg svara på spørsmål.

Alexander Helle-Raudt sette fram følgjande tilleggsframlegg knytt til nye kulepunkt under 3,3 Slik skal vi gjere det:

- Vi skal vidareutvikle Alver Tomteselskap som eit verktøy for bustadsosial utbygging
- Vi skal i kommuneplanen sin arealdel utvikle føresegner som sikrar bustadsosiale tiltak i alle større utbyggingsprosjekt
- Vi vil vurdere pilotprosjekt knytt til utvikling av sosialt berekraftige bustader i samarbeid med relevante private og/eller offentlege aktørar

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.  
Utvalet vedtok samrøystes A. Helle sitt tilleggsframlegg.

### **HO- 016/23 Vedtak:**

Utval for helse og omsorg godkjenner mandat for «Kommunal bustadplan – trygge og gode bustader i Alver kommune 2024-2035» jamfør vedlegg, ned følgjande tilleggs punkt under 3.3 Slik gjer vi det:

- Vi skal vidareutvikle Alver Tomteselskap som eit verktøy for bustadsosial utbygging
- Vi skal i kommuneplanen sin arealdel utvikle føresegner som sikrar bustadsosiale tiltak i alle større utbyggingsprosjekt
- Vi vil vurdere pilotprosjekt knytt til utvikling av sosialt berekraftige bustader i samarbeid med relevante private og/eller offentlege aktørar

Utval for helse og omsorg vert politisk styringsgruppe i planprosessen.

### **009/23: Årsmelding Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Alver 2022**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Årsmeldinga frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for 2022 vert teken til orientering.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 06.02.2023:**

#### **Behandling:**

Det kom ein merknad til årsmeldinga, som vil verta innarbeidd i teksten. Bortsett frå dette, vart årsmeldinga teken til orientering, samrøystes.

Revidert årsmelding ligg ved.

#### **RMNF- 009/23 Vedtak:**

Årsmeldinga frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for 2022 vart teken til orientering.

### **010/23: Meldingar og orienteringar til RMNF - 06.02.2023**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar vert tekne til orientering.

## **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 06.02.2023:**

### **Behandling:**

Orientering nr 7 - Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift – status v/Eva Mikkelsen-prosjektleder, gjekk ut og vert sett opp igjen i neste møte.

Orienteringar 1-6 vart gjeve i felles orienteringsmøte for ER/RMNF, med følgjande endring:

- Eirik B. Utne-tenesteleder kultur orienterte i Kulturmiljøplan for Alver 2024-2028.

I RMNF var det følgjande orienteringar:

-Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst orienterte om Heimeundervisning (privat heimeundervisning i heimen)

-Ronny Landaas-rådgjevar Prosjekt orienterte om Bufellesskap Mjåtveit

RMNF tok meldingar til orientering.

### **RMNF- 010/23 Vedtak:**

Meldingar vart tekne til orientering.



**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-145, FA-L70  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 20.02.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
014/23	Eldreråd	13.03.2023
013/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13.03.2023
	Ungdomsråd	

## Bustadplan - val av representantar til referansegruppe

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Val av representantar til referansegruppe:

Representantar frå Eldrerådet:

1. ...
2. ...

Representantar frå RMNF:

1. ...
2. ...

Representantar frå Ungdomsrådet:

1. ...
2. ...

### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne

### Saka gjeld

[Kommunestyre sak 008/23 møtedato 23.02.23](#) har vedtatt mandat for kommunal bustadplan. I arbeidet skal ein nytte referansegruppe, og råda vert invitert til å peike ut representantar til dette planarbeidet.

### Saksopplysningar

Kvart av råda vert invitert til å gjere val av 2 representantar til referansegruppe for arbeid med kommunal bustadplan.

Ei referansegruppe har m.a. som føremål å gje innspel til gjennomføring og innhald i planarbeidet jamfør mandat. Referansegruppa vil ha jamlege møte i planperioden og er rådgjevande.

### Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren legg fram saka utan framlegg til vedtak. Råda vel sine egne representantar.

**Vedlegg i saken:**

06.03.2023

KO 008 23 møtedato 23.02.23 - Mandat kommunal  
bustadplan vedtatt

1888630

## Temaplan

### Kommunal bustadplan – trygge og gode bustader i Alver kommune 2024-2035

Tenesteområde	
Prosjektnummer:	
Forfattar/Dato:	
Vedtak/Dato:	

## Innhold

<b>1. Bakgrunn</b> .....	<b>2</b>
<b>2. Føringer og strategiar</b> .....	<b>2</b>
2.1 Lov og forskrift .....	2
2.2 Nasjonale føringer .....	3
2.3 Lokale føringer .....	3
<b>3. Målsetting med bustadplan</b> .....	<b>5</b>
3.1 Hovudmål .....	5
3.2 Slik vil vi ha det .....	5
3.3 Slik skal vi gjere det .....	5
<b>4. Rammevilkår</b> .....	<b>6</b>
4.1 Føringer for prosjektet .....	6
4.2 Avgrensingar i prosjektet .....	6
4.3 Prinsipielle spørsmål .....	6
4.4 Bindingar .....	6
<b>5. Overordna prosjektplan</b> .....	<b>7</b>
5.1 Prosjektorganisasjon .....	7
5.2 Interessentar .....	7
5.3 Milepæl- og framdriftsplan .....	8
5.4 Gevinst .....	9
5.5 Risiko og usikkerheit .....	9
<b>6. Forventa kostnader med prosjektet</b> .....	<b>9</b>
6.1 Kostnader i prosjektet .....	9

## 1. Bakgrunn

[Planstrategi for Alver 2021-2024](#) legg til grunn at det skal utarbeidast bustadsosial handlingsplan.

[Alver kommune sin kommuneplan samfunnsdel 2022-2034](#) legg føringar for korleis vi vil utvikle samfunnet vårt, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å kome dit. Døme på målformulering i samfunnsplan er her «Innbyggjarane i Alver bur i trygge og gode bustader».

Kommunedelplan helse, sosial og omsorg skal bidra til måloppnåinga, og er vedtatt i kommunestyre sak 008/23 møtedato 23.02.23. Sjå lenke digital plan under:

- [Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2023-2034](#)

Framlegg til kommunedelplan for helse, sosial og omsorg skisserer aktivitets- og meistringstrapp som eit visuelt hjelpemiddel i arbeidet med å dimensjonere innsats og tenester i dag og i framtida. Vidare skisserer ein ei bustadtrapp som syner ulike bustadtyper, kva formål bustadane har og korleis tilbodet er dimensjonert i dag.

Bustadplan skal omhandle alle trinn i bustadtrappa kombinert med aktivitets- og meistringstrappa, og synleggjere kommunen sine behov for bustader til ulike målgrupper i planperioden samt prioritere tiltak i handlingsdel.

Dagens dekningsgrad, saman med demografiske endringar, er dei mest sentrale indikatorane for å seie noko om behovet for bustader på dei ulike trinna i bustadtrappa i framtida. Dette må kombinerast med vurderingar kring kompensierende tiltak, prioriteringar og ressursbruk for tenesteyting jfr aktivitets- og meistringstrappa med satsing på førebygging og tidleg innsast for å motvirke behovsvekst.

Bustadplan vert utforma som temaplan med 12 års perspektiv og 4 årig handlingsplan. Handlingsplan vert årleg rullert jamfør økonomiplan. Behovsvurdering bør ha ei lengre perspektiv – 2040.

Ein finn det føremålstenleg å endre tittel frå den tradisjonelle «Bustadsosial handlingsplan» til «Kommunal bustadplan – trygge og gode bustader i Alver kommune».

## 2. Føringar og strategiar

### 2.1 Lov og forskrift

Bustadplan skal oppfylle gjeldande lov- og forskriftskrav.

Bustadplan skal bidra til eit best mogleg grunnlag for langsiktig planlegging og tilrettelegging av bustader for personar som har krav på hjelp til å skaffa seg bustad og/eller har trong for kommunale HSO tenester m.a. jamfør målgrupper i [Helse og omsorgstenestelova](#) og [Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen \(sosialtjenesteloven\)](#).

Det skal m.a. leggjast til grunn den lovpålagde medverknadsplikta kommunen har til å skaffa bustader til personar som ikkje sjølv kan vareta sine interesser på bustadmarknaden, under dette

bustader med særleg tilpassing og med hjelpe- og vernetiltak for dei som treng det på grunn av alder, funksjonshemming eller av andre årsaker jamfør Helse og omsorgstenestelova § 3.7.

Ny [Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet](#) (St. prop. 132 L 2021-2022) trer i kraft 1. juli 2023. Lova vil m.a. pålegge kommunane å ta bustadsosiale omsyn i planlegginga samt at § 6 seier:

«Kommunen skal gi individuelt tilpasset bistand til vanskeligstilte på boligmarkedet. Kommunen vurderer hvilken bistand som skal gis. Bistandens art og omfang skal tilpasses den enkeltes behov.

Bistanden kan blant annet gå ut på å gi råd og veiledning om økonomi, bomestring, statlige og kommunale tjenestetilbud eller andre forhold av betydning for bosituasjonen. Kommunen kan også gi praktisk bistand, slik som hjelp til å søke støtte-, låne- og tilskuddsordninger eller kommunalt disponert bolig, bistand i en konkret kjøps- eller leieprosess eller bistand til å forebygge utkastelse.

Plikten til å gi individuelt tilpasset bistand omfatter også bistand til å skaffe boliger med særlig tilpasning og med hjelpe- og vernetiltak for dem som trenger det på grunn av alder, funksjonsnedsettelse eller av andre årsaker.»

## 2.2 Nasjonale føringer

FNs berekraftsmål, [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023](#), (her kjem det oppdatert versjon vår 2023) og [Alle trenger et trygt hjem. Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken 2021-2024](#) legg alle vekt på behovet for sosial berekraft i bustadpolitikken.

Dette inneber behov for å planleggje for bustadar for alle, òg dei som er vanskelegstilte på bustadmarknaden som til dømes eldre, funksjonshemma, vanskelegstilte barnefamiljar, bustadlause m.fl.

Dei økonomiske virkemidla er m.a. relatert til [Husbanken Veileder for lokalisering og utforming av omsorgsbygg](#) Veilederen må sees i sammenheng med arbeidsprosessene [Framskaffe sykehjem og omsorgsboliger for eldre](#) og [Framskaffe boliger for mennesker med oppfølgingsbehov](#)

## 2.3 Lokale føringer

Bustadplan skal ivareta kommunplan og kommunedelplanar sine mål for utviklinga i Alver samt gjeldande politiske vedtak som m.a. økonomiplan, budsjett.

### Framtidsretta bustadplanlegging


Bustadplan skal gje best mogleg grunnlag for heilskapleg og framtidsretta bustadplanlegging. Bustadplan skal ta utgangspunkt i nosituasjon mtp kommunens bygningsmasse og lokalisering. Bustadplan skal beskrive bustad- og tenestebehov fram mot 2034, samt gje grunnlag for arealbehov til helse, sosial, og omsorgsføremål jfr pågåande arbeid med arealplan.

### Målgrupper


Alver kommune har utforma aktivitets- og meistringstrapp for å m.a. synleggjere ulike nivåa i tenesteyting til innbyggjarane.

Bustadplan skal omhandle alle trinn i bustadtrappa, og ta utgangspunkt i nosituasjon mtp både brukarbehov på ulike trinn samt utøvande teneste sine behov for å kunne gje ressurseffektive tenester med kvalitet.

Bustadtrappa har 6 trinn og beskriv ulike bustadtypar, kva formål dei har og korleis tilbodet er dimensjonert i kommunen vår. Modellen er eit verktøy for å synleggjere dei bustadane kommunen rår over til ulike føremål og målgrupper.



**Aktivitets- og meistringstrappa**





### 3. Målsetting med bustadplan

#### 3.1 Hovudmål

- Innbyggjarane i Alver bur i trygge og gode bustader.

#### 3.2 Slik vil vi ha det

- Innbyggjarar med ulike behov og utfordringar får eit bustadtilbod jamfør bustadtrappa.
- Innbyggjarane får tenester tilpassa sine behov jamfør aktivitets- og meistringstrappa.

#### 3.3 Slik skal vi gjere det

Korleis skal vi arbeide fram bustadplanen?

- Vi skal ha oppdatert kunnskapsgrunnlag for prioritering og beslutning.
- Vi skal kombinerer ulike målgrupper sine behov jfr trinna i bustadtrapp og aktivitets- og meistringstrapp.
- Vi skal avklare rolle- og ansvarsområde og sikre tverrfagleg samhandling og samarbeid.
- Vi skal samarbeide med ulike kompetansemiljø og nytte ulike økonomiske virkemiddel på bustadområdet
- Vi skal sikre medverknad
- Vi skal vidareutvikle Alver Tomteselskap som eit verktøy for bustadsosial utbygging
- Vi skal i kommuneplanen sin arealdel utvikle føresegner som sikrar bustadsosiale tiltak i alle større utbyggingsprosjekt
- Vi vil vurdere pilotprosjekt knytt til utvikling av sosialt berekraftige bustader i samarbeid med relevante private og/eller offentlege aktørar

#### Kunnskapsgrunnlag

- Status bustadmarknaden i Alver kommune
- Kommunen sin bustadmasse relatert til helse, sosial og omsorgsføremål
- Status og utviklingstrekk for ulike målgrupper jfr bustadtrappa
- Born i låginntektsfamiliar (bur trangt)
- Fattigdom vaksne (bur saman med foreldre eller leiger)
- Kommunen sin bruk av Husbanken sine verkemiddel
  - Bustønad
  - Bruk av startlån og tilskot
- Demografisk framskriving
- Framskriving/prognoser tal tenestemottakarar jfr bustadtrappa

Kartlegging noverande og framtidige behov:

Trinn i bustadtrapp	Målgruppe	Status bustader	Kartlagt behov for nye bustader i planperioden	Udekket behov per 2023	Udekket behov planperiode samt lokalisering nybygg/rehabilitering eksisterande	Stipulert kostnad	Merknad



**Målgrupper jfr ulike trinn bustadtrappa:**

- Innbyggarar med rus og/eller psykiske vanskar  
    Innbyggarar som treng tett oppfølging i eigen bustad  
    Innbyggarar som har behov for heildøgns bemanna bustad  
    Innbyggarar med særskilt tilpassa bustadbehov
- Innbyggarar med nedsett funksjonsevne
- Born med nedsett funksjonsevne med behov for avlastningstilbod
- Kartleggingsbustad/barnebustad
- Omsorgstrengande og eldre med behov for omsorgsbustad med livsløpsstandard
- Omsorgstrengande og eldre med behov for bustad med døgnbemanning eller institusjonsplass
- Personar med demenssjukdom
- Flyktingar
- Sosialt vanskelegstilte (korleis def vanskelegstilt, kven gjeld dette? NAV?)
- Førstegangsetablering

Foreslå kompensierende tiltak for å motvirke behovsauke jfr aktivitets- og meistringstrappa i KDP HSO.

## **4. Rammevilkår**

### **4.1 Føringer for prosjektet**

- Lov, forskrift og nasjonale rettleiarar
- Husbanken sine økonomiske verkemiddel
- Kommunens overordna planar og økonomiske rammer

### **4.2 Avgrensingar i prosjektet**

Er avgrensa til å gjelde det bustadsosiale området (bustadtrappa), og ikkje direkte tenesteyting.

### **4.3 Prinsipielle spørsmål**

### **4.4 Bindingar**

Kommunens overordna planar og økonomiske rammer  
Kommuneplan arealdel





## 5. Overordna prosjektplan

### 5.1 Prosjektorganisasjon

Politisk styringsgruppe:	Utval for helse og omsorg/Levekårsutvalet
Prosjektstyre:	Adm.styringsgruppe, kommunalsjefar teknisk forvaltning og drift, samfunnsutvikling, helse og omsorg
Prosjekteigar:	Kommunalsjef helse og omsorg
Prosessleiing	Plan og analyse
Prosjektleder:	Helge Kvam, fagansvarleg Fagutvikling stab
Prosjektgruppe:	Inger Marie Jordal, tenesteleiar eigedomsforvaltning Eva Mikkelsen, prosjektleder Simon W. Grandahl, rådgjevar Fagutvikling stab Trude Langedal, rådgjevar plan og analyse (arealdel) Lena Ytreland HTV FO (Silje Fanebust HTV NSF vara)
Arbeidsgrupper	Vidareføre og/eller etablere arbeidsgrupper mbi ulike oppdrag jfr milepælplan.  <u>Etablert arbeidsgruppe (bustadtildeling, oppfølging i bustad og vedlikehald bustad) – vidareføre:</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eva Mikkelsen (leiar)</li> <li>• Jane Britt Daae, tenesteleiar NAV</li> <li>• Kjetil Spurkeland, tenesteleiar Drift og vedlikehold</li> <li>• Kari Hesjedal, avd.leiar forvaltningskontoret</li> <li>• Mary Jorunn Seljevoll, avd.leiar bustadkontor eigedom (i påvente av ny tenesteleiar?)</li> <li>• Madeleine Fønnes Aase – rådgjevar Miljø og tilsyn (er litt usikker på m hun i denne sammenheng er tillitsvalgt?)</li> <li>• Andre HTV?</li> </ul> <p>Supplere eller opprette egne arbeidsgrupper for andre tenesteområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnevern tenesteleiar</li> <li>• Psykisk helse og rus tenesteleiar</li> <li>• Habilitering tenesteleiar</li> <li>• Heimetenesta</li> <li>• Sjukeheim</li> </ul>
Referansegruppe:	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne Ungdomsråd Eldreråd Ulike brukarorganisasjonar Tenesteleiarar og avd.leiarar Verneombod og tillitsvalde  Ein kan vurdere ulik samansetting i referansegruppe avhengig av tema og framdriftsplan. Bruke same ref. gruppe som Prosjekt leiing, kvalitetsforbedring og res.eff.drift

Prosjektgruppa kan involvere andre etter behov, som t.d. andre tenesteområde i sektoren.

### 5.2 Interessentar

Følgjer primært referansegruppe.

Må vurdere om andre aktørar/sektorar er aktuelle med grunnlag i framdrift/milepæl.

### 5.3 Milepæl- og framdriftsplan

	Milepæl	Ferdig dato	Godkjennes av
M0	Prosjektstart, prosjektmandat godkjent	Februar 23	Prosjektstyre og Utval HO
M1	Kunnskapsgrunnlag nosituasjon ferdigstilt (bygning/tenesteyting/brukargrupper jfr alle trinn i bustadtrappa)  Beskrive roller/ansvar nostituasjon t.d. bustadtildeling, oppfølging i bustad og vedlikehald	Medio mars	
M2	Kunnskapsgrunnlag framtidige behov ferdigstilt – jfr prognosemodeller (bygningmasse og tenester jfr bustadtrappa inkl even manglande trinn)  Definere dei ulike trinna/kriteria for teneste/bustadtildeling	Mars 23	
M3	Kunnskapsgrunnlag revidert behovsvurdering med effekt av moglege endringar tenesteyting, lokalisering, rekruttere/behalde kompetanse mv (perspektiv 2040?)  <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kompenserande tiltak</li> <li>• Tiltak til økonomiplan 2024-2027</li> </ul>	April/Mai 23	
M4	Skildre grunnlag for val av modell og tilnærming til heilskapleg bustadarbeid/politikk i Alver <ul style="list-style-type: none"> <li>- Beste praksis t.d Housing first</li> <li>- Ulike kommuner</li> <li>- Andre land</li> </ul>	April/Mai 23	
M5	Melde kunnskapsgrunnlag HSO arealbehov til KPA	Mai/juni 2023	Prosjektstyre og utval HO
M7	Utarbeide bustadplan med eigen framdriftsplan <ul style="list-style-type: none"> <li>• Medverknad referansegruppe mm</li> <li>• Utarbeide/revidere rutiner og systemer roller ansvar (eige kap i bustadplan?)</li> </ul>	Aug 23 -april 24	
M8	Vedtak kommunestyret	Juni 24	



#### **5.4 Gevinst**

Prosjektgruppa vil arbeide med å konkretisere moglege gevinstar jfr arbeid med detaljert framdrifts- og milepælplan

#### **5.5 Risiko og usikkerheit**

Prosjektgruppa vil arbeide med å konkretisere mogleg risiko og usikkerheit jfr arbeid med detaljert framdrifts- og milepælplan

---

### **6. Forventa kostnader med prosjektet**

#### **6.1 Kostnader i prosjektet**

Nyttar tilgjenglege interne ressursar, ikkje ekstern bistand.

Politisk styringsgruppe – møtegodtgjering ved arbeidsmøter.  
Referansegruppe – eldreråd, RMNF og UR møtegodtgjering

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-144, FA-G00  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 13.02.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
015/23	Eldreråd	13.03.2023
014/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13.03.2023
	Utval for helse og omsorg	
	Alver kommunestyre	

### Plan for legetenesta 2023-2026

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar Plan for legetenesta 2023-2026 slik den ligg føre.

#### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Saka skal til innstilling i Utval for helse og omsorg.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

#### Saka gjeld

Alver kommune sin kommuneplan 2022-2034 legg føringar for korleis vi vil utvikle samfunnet, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å kome dit. Kommunedelplan helse, sosial og omsorg skal bidra til måloppnåinga. Kommunedelplanen er ein overordna plan med eit tidsperspektiv på 12 år, og har ein handlingsdel for dei komande 4 åra. Kommunedelplan helse, sosial og omsorg peiker på *plan for legetenesta* i fleire av strategiane innan helseområdet. Plan for legetenesta har status som temaplan.

Alle kommunar skal ha ein plan for legetenesta, jf. rammeavtale mellom KS og Legeforeninga (ASA 4310). Plan for legetenesta skal bidra til forutsigbarheit for legane si verksemd, og skildre oppgåvene som skal løysast av legane og kommunen. Arbeidet med plan for legetenesta starta hausten 2021, og har vore prosjektorganisert. Planen er avgrensa til fastlegetenesta og allmenmedisinsk offentleg legearbeid (sjukeheim og helsestasjon). Planen skildrar organisering, finansiering og utfordringar i allmennlegetenesta. Planen inneheld ein tiltaksdel med ei rekke vegval, strategiar og konkrete tiltak.

#### Saksopplysningar

##### Bakgrunn:

Fastlegeordninga i landet har store utfordringar med kapasitet, stabilitet og rekruttering. Også i Alver merkar vi at rekrutteringa er krevjande. Mange innbyggjarar får ikkje fastlege i kommunen slik dei har lovkrav på. Det er sjeldan mogeleg å byte lege internt i kommunen. Fastlegane har fått fleire oppgåver per pasient, m.a. grunna tettare oppfølging etter sjukehusopphald, attestskrivning og aldrande befolkning. Det er naudsynt å auke kapasiteten i fastlegeordninga i kommunen gjennom å etablere fleire legeheimlar som igjen gjer det mogeleg med kortare pasientlister.

Også kommunane har fått fleire nye oppgåver dei siste åra. I 2019 fekk t.d. kommunane ansvar for spesialistutdanning av allmennlegar.

Regjeringa Solberg lanserte i 2020 ein handlingsplan for fastlegeordninga. Regjeringa Støre har frå 2021 vidareutvikla denne. Eit regjeringsoppnemnd ekspertutval vil i april 2023 kome med framlegg til endringar i

organisering og finansiering av fastlegeordninga. Alver må vere førebudd på dei endringar og tiltak som kjem. Tiltaksdelen i planen må kunne reviderast i samsvar med nye behov, og endringar som vert vedteke frå statleg hald.

Også i sjukeheimane i Alver er situasjonen utfordrande. Bebuarar på sjukeheimane er sjukare enn før, og mange har behov for dagleg legetilsyn. Alle kommunar skal ha ei lokal norm for legebemanning i sjukeheim. Alver har ikkje hatt slik norm. I planen ligg framlegg til lokal norm, og i tiltaksdelen ligg framlegg til auke i legeårsverk i samsvar med norma.

### **Sakshistorikk**

Ved kommuneetableringa i 2020 låg det ikkje føre oppdaterte planar for legetenesta.

### **Vurderingsgrunnlag**

Allmennelegetenesta er lovpålagt. Lenker til aktuelle lov-, forskrifts- og tariffkrav ligg i planen.

### **Partar**

Legetenesta har betydning for alle som bur eller oppheld seg i kommunen, og for alle som har fastlege i kommunen. Tilbodet i legetenesta påverkar andre tenestemråde og avdelingar i kommunen, samt spesialisthelsetenesta. Prosjektgruppa har innhenta innspel frå referansegruppa ved to høve: i 2022 etter ein prosjektrapport frå konsept- og prosjektfasen; og i februar 2023 til sjølve planen. Alle skriftlege innspel i runde 2, og prosjektgruppa sine vurderingar av desse, ligg som vedlegg til saka.

### **Vurdering**

Framlegget til plan for legetenesta vurderast å støtte dei formelle krav som vert stilt til ein slik plan. Planen har ein omfattande tiltaksdel med både prinsipielle retningsval og konkrete kostnadskrevjande tiltak. Fastlegekrisa har komplekse årsaksforklaringar. Fleire tiltak må spele saman for å oppnå resultat. Det er derfor viktig at tiltaka vert vurdert i samanheng. Det er gjennom prosjektorganiseringa sikra brei medverknad i planarbeidet. Likevel har fleire instansar meldt inn ønske om meir kraftfulle tiltak, m.a. knytt til bemanning og grunnfinansiering av fastlegepraksisane.

### **Økonomiske konsekvensar**

Tiltaksdelen i planen vert teke inn i arbeidet med økonomiplanen 2024-2027. I dei økonomiske berekningane er det tatt omsyn til forventta inntekter knytt til dei aktuelle tiltaka, gjennom t.d. statlege tilskotsordningar og auke i inntektsgivande behandlingsaktivitet. P.t. er det usikkert korleis eventuelle endringar i den statlege finansieringsordninga vil slå ut.

### **Miljømessige konsekvensar**

I planen vert det lagt opp til at innbyggjarane skal kunne velje fastlege ved sitt lokalsenter. Dette bidrar til god tilgang til tenestene, og er positivt med omsyn til transportbehov.

### **Organisasjonsmessige konsekvensar**

I planen er det lagt opp til endring i kva tenestemråde sjukeheimslegane er organisert. Planen skal elles ikkje ha vesentlege organisatoriske konsekvensar.

### **Risiko**

Gjennomføring av planen krev tilgang på legar som ønskjer å bli i kommunen. Dette handlar dels om økonomiske vilkår. Men rekruttering krev og god organisering, leiing, tilrettelegging for spesialistdanning og drift av legekantor.

### **Vurdering av særskilte grupper**

Omsynet til barn, unge, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne tilseier at det bør vere god kapasitet i fastlegeordninga ved alle lokalsentre.

### **Kommunedirektøren si tilråding**

Kommunedirektøren tilrår at plan for legetenesta 2023-2026 vert vedteke slik den ligg føre, jamfør digital plan lenke - [Plan for legetenesta i Alver kommune \(appublishframsikt-staging.azurewebsites.net\)](https://appublishframsikt-staging.azurewebsites.net/)

**Vedlegg:**

**Vedlegg i saken:**

06.03.2023	Allmennlegeutvalet i Alver - høyringsuttale	1887088
06.03.2023	Delta - høyrings svar	1887089
06.03.2023	Haraldsplass Diakonale Sykehus - høyrings svar	1887090
24.02.2023	Helse Bergen - høyrings svar	1887091
06.03.2023	Helsenaustet legepraksis - høyrings svar	1887092
06.03.2023	Høyringsbrev - plan for legetenesta	1887093
06.03.2023	Norsk sjukepleiarforbund Alver - høyrings svar	1887094
06.03.2023	Prosjektgruppa si samla vurdering av høyringsinnspel	1887095
06.03.2023	Sjukeheimslegane i Alver - høyrings svar	1887096
06.03.2023	Tenesteområde helsestasjon og jordmor - høyringsuttale	1887097

**From:** Lene Vie <lenevie@gmail.com>

**Sent on:** Sunday, January 29, 2023 9:13:28 AM

**To:** Tord Asle Lappen Moltumyr <tord.moltumyr@alver.kommune.no>; Leni Dale <leni.dale@alver.kommune.no>

**Subject:** Tilbakemelding fra allmennlegeutvalget på plan for legetenesta

Hei!

Viser til høring for plan for legetenesta i Alver kommune 2023-2026. Denne ble gjennomgått ved allmennlegeutvalget (ALU) i Alver kommune 25.01.23. ALU ønsker å komme med en samlet tilbakemelding til høringen;

1) Helprivat legekantor med ren 8.1 avtale (Helsenaustet) har høyere utgifter og timebruk til administrasjon/personalansvar. Til disse er det behov for økt basistilskudd. Dette er et rekrutterende og stabiliserende tiltak.

2) Kommunen kan velge å øke basistilskudd. Dette vil være et tiltak for å beholde nåværende fastleger/stabiliserende og rekrutterende tiltak.

3) Praksiskompensasjon ved egen sykdom eller barns sykdom er tatt ut av planen. Dette er et viktig rekrutteringstiltak. Vi ønsker dette punktet tilbake. Det bemerkes at dette er innført i Bergen kommune.

